



Utv. saksnr.	Utval	Møtedato
67/2025	Kommunestyret	16.12.2025

Forslag til kommuneplanens samfunnsdelen 2026-2036 og varsel om planoppstart for revidering av kommuneplanens arealdel 2017-2027

Vedlegg

- 1 Samfunnsdel 2026-2036
- 2 Arealstrategi Vågå kommune 2026-2036
- 3 Planprogram - revidering av kommuneplanens arealdel 2017-2027

Saksframlegg:

Kommunestyret behandla i møte 24. oktober 2024, sak 73/2024 forslag til kommunal planstrategi for perioden 2024-2028 og planprogram for revidering av kommuneplanens samfunnsdel 2017-2027. Denne løysinga vart vald for å effektivisere planprosessane.

Kommuneplanens samfunnsdel 2017-2027 byrjar å bli gamal og er moden for revidering, samstundes så er det eit dokument som har fungert godt og som framleis brukast aktivt i organisasjonen. Det vart difor lagt opp til ei enkel revidering av samfunnsdelen der hovudtrekk frå gjeldande plan skulle vidareførast samstundes som temaet natur- og kulturmiljø og naturmangfald frå vedteke kommunedelplan for klima, energi og miljø 2024-2031 vart vald som eit femte hovudfokusområde. I høyringsperioden kom det få innspel til dokumenta og planstrategi og planprogram vart vedteke utan store endringar i kommunestyret 12.12.2024, sak 101/24. For å halde fram med eit effektiv revidering av kommuneplanen blir det varsla planoppstart med planprogram for revidering av arealdelen, samstundes som forslag til ny samfunnsdel med arealstrategi blir sendt på høyring.

Det er plan- og bygningsloven § 4-1 som sett krav om at det skal utarbeidast planprogram ved utarbeiding/revidering av kommuneplanar. Planprogrammet er eit verktøy for å planlegge planprosessen. Det skal mellom anna gå fram føremålet med planarbeidet, planprosessar med fristar, opplegg for medverknad og kva tema planen skal vurdere. Utarbeiding av planprogrammet er mellom anna også ein god moglegheit for kommunestyret til å få kunnskap og eigarskap til planlegginga.

Vurdering:

Sidan planprogrammet vart vedteke har det vore sett ned ei administrativ arbeidsgruppe som har bestått av kommunedirektør, kommunalsjef helse og meistring, kommunalsjef barnehage, utdanning og kultur, kommunalsjef teknisk og beredskap, næringssjef, beredskapskoordinator og plan- og miljørådgjevar. Det har vore arbeidd med tekst og innhald og tema har vore fordelt på fagområde. Det har i samband med dette arbeidet blitt arbeid mykje med tema som er vald ut i planprogrammet og kommunedirektøren har vald å redusere hovudfokusområde frå fem til tre.

1. Eit berekraftig lokalsamfunn gjennom heile livsløpet
2. Attraktivitet, næringsutvikling og stadutvikling i Vågå
3. Natur, klima og samfunnstryggleik

I tillegg er alle tre kapitla delt oppatt i innleiing og tre underdelar; "Utfordringar", "Mål – kva ynskjer vi", og "strategi". Det er festa nummer til alle mål under kvart kapittel. Dette er med tanke på at ein skal finne att tiltak i handlingsdelen (økonomiplanen) som syner attende på vedtekne mål.

Endringa er mest av praktisk karakter da ein ser at heile samfunnsbygginga heng tett saman på fleire område, og for å forenkle tiltaksområda kor ein meiner at ting heng mest saman med kvarandre. Innhaldet i hovudfokusområda er difor framleis det same sjølv om dei er redusert frå fem til tre.

Det har vore fleire diskusjonar kring slagord og visjon for Vågå kommune. Tidlegare har kommunen brukt Vågå- "eit verdial"- som visjon, og i nyare tid brukt "Våg(å) leve" som slagord. Gjennom arbeidet som er gjort med revidering av samfunnsdelen har ein landa på at ein anbefaler å bruke Våg(å)leve som visjon, og at ein kuttar ut slagord.

Det er i samfunnsdelen utarbeidd ein arealstrategi som er ein langsiktige og overordna plan for arealforvaltninga. Arealstrategien skal vere bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen for å sikre målretta revidering av arealdelen. Dette er overordna føringar for korleis kommunen ønskjer å disponere areala i framtida. Vågå kommune må sikre at kommunen sine areal blir forvalta på ein berekraftig måte. Kommuneplanens arealdel skal vere godt politisk forankra slik at den gir føreseielegheit for kommunen sine innbyggjarar og utbyggjarar.

I tillegg til fleire møter i administrativ arbeidsgruppe, her det vore orienteringar i Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne, Ungdomsrådet. Det har vore gjennomført arbeidsverkstad saman med formannskapsmedlemmane og arealverkstad med kommunestyret. Innspel og endringar er arbeidd inn etter kvart, og ferdig utkast blir lagt fram for politisk behandling gjennom denne saka.

Kommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-14 blir forslag til kommuneplanens samfunnsdel med arealstrategi og planprogram for revidering av kommuneplanens arealdel for Vågå kommune 2026-2036 lagt ut til offentlig ettersyn og sendt på høyring i minimum 6 veker.

Kommunestyret si behandling av sak 67/2025 i møte den 16.12.2025:**Behandling**

Forslag om endring i pkt. 3.1 kulepunkt 3: **Karbonrike areal under press:** Myr og skog er viktige karbonlager, og nedbygging av myr må unngåast.

Samrøystes

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-14 blir forslag til kommuneplanens samfunnsdel med arealstrategi og planprogram for revidering av kommuneplanens arealdel for Vågå kommune 2026-2036 lagt ut til offentlig ettersyn og sendt på høyring i minimum 6 veker.